**Sakshandsamar:**

Idar Sagen

E-post: idar.sagen@sfj.no

Tlf: 57 88 47 54

**Vår ref.**

Sak nr.: 09/2807-24

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internett l.nr.**

36867/11

**Dykkar ref.**

NVE 200901128-54 kv/jaso

**Dato**

LEIKANGER, 19.12.2011

Norges vassdrags- og energidirektorat  
 Konsesjonsavdelinga  
 pb. 5091 MAJORSTUA  
 0301 OSLO

200901128-157  
 312  
 KV/JASO

## Høyringsuttale til søknad om løyve til bygging av Breim kraftverk i Storelva i Gloppe kommune

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune handterte denne saka 14.12.2011 som sak 145/11 og det vart gjort slikt vedtak.

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår frå at det vert gitt løyve for kraftutbygging i Breimselva/Storelva etter omsøkt alternativ, av di ulempene for allmenne og private interesser vil bli større enn fordelane ved ei utbygging.
2. Eit utbyggingsalternativ med vurdering av konsekvensar der driftsvatnet vert slept ut i elva i området kring Seime bru, kan gje ein annleis konklusjon.

Med helsing

Svein Arne Skuggen Hoff  
 fylkesdirektør

Idar Sagen  
 seniorrådgjevar

### Vedlegg:

#### Mottakar (ar)

Norges vassdrags- og energidirektorat, Konsesjonsavdelinga, pb. 5091 MAJORSTUA  
 0301 OSLO

#### Kopi til



## *Saksutgreiing og fylkesrådmannen si tilråding*

### **Høyringsuttale til søknad om løyve til bygging av Breim kraftverk i Storelva i Gloppe kommune**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår frå at det vert gitt løyve for kraftutbygging i Breimsvatnet/Storelva av di ulempene for allmenne og private interesser vil bli større enn fordelane ved ei utbygging.
2. Eit utbyggingsalternativ med vurdering av konsekvensar der driftsvatnet vert slept ut i elva i området kring Seime bru, kan gje ein annleis konklusjonen.

#### Prenta vedlegg:

1. Brev frå NVE 11.04.2011 (dok. 11)
2. Gloppe kommune, saksutgreiing og vedtak i kommunestyret 14.11.2011, sak 51/11 (dok.16)
3. Fylkesmannen i Sogn og fjordane, brev til NVE 01.09.2011 (dok. 16)
4. Riksantikvaren, uttale til NVE 23.09.2011 (dok. 19)

#### Uprenta vedlegg:

1. Informasjonsbrosyre, mars 2011. <http://skjema.nve.no/NVE-saksdokument/200901128-53-780746.pdf>
2. Konsesjonssøknad og konsekvensutgreiing, mars 2011. <http://skjema.nve.no/NVE-saksdokument/200901128-53-780740.pdf>. Rapport om landskap <http://skjema.nve.no/NVE-saksdokument/200901128-53-780773.pdf>
3. Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum, utale ang. marine kulturminne, 19.05.2011. (dok.12)
4. Sogn og Fjordane Turlag, uttale til NVE 23.05.og 15.09.2011 (dok.13 og 18).
5. Samfunnsdemokratane i Sogn og Fjordane, uttale til NVE 14.08.2011 (dok. 15)
6. Historiske Reed, uttale til NVE 12.08.2011 (dok. 17)
7. Nei til kraftverk på Seime, kopi 20.09.11 til fylkeskommunen av materiale sendt til NVE (dok. 20 og 21). Dokumentasjon av kulturminne, rovfuglar, vegetasjon, fossar i lokale elvar m.m. i tekst og foto, uttale via advokat 14.09.11, alternative prosjekt Asplan Viak 04.08.2011, rapport m.a. om storaurebestanden NIVA 05.09.2011, rapport om naturmangfold, nærmiljø m.m. frå Aurland naturverkstad 09.09.2011. Kopi av underskriftslistar 17.10.11 (dok.22).

#### Saksframstilling

#### **1. SAMANDRAG**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har oversendt søknad med konsekvensutgreiing for Breim kraftverk i Gloppe kommune og ber om høyringsuttale.

Tiltaket går ut på å utnytte fallet i Storelva mellom Høylo (kote 125) og Breimsvatnet (ca. kote 61) til kraftproduksjon. Utbyggingsløysinga det er søkt konsesjon for, går ut på å føre driftsvatn frå eit planlagt inntak ved Høylo i tunnel til ein planlagt kraftstasjon i fjell ved Seimestranda 1,3 km sør for elva sitt utløp i Breimsvatnet (alternativ A1). Tre alternativ (A, B og C) er vurdert. Variant A2 (kraftstasjon i dagen) er omsøkt som eit sekundært alternativ. Både alt. A1 og A2 vil utnytte et fall på ca. 64 meter, og vil gje ein årlig produksjon på ca. 98 GWh. Utbyggings-kostnaden er berekna til 336 millionar kroner. Alternativ B, med kraftstasjon i dagen nedanfor Seime bru, og alt. C som omfattar ulike løysingar med rørgate langs Storelva, er ikkje omsøkt av tekniske, økonomiske og miljømessige årsaker.

Tiltakshavar er Breim Kraft AS som er eigmend i grunneigarar som har fallrettar i prosjektet. Gloppe kommune er ein av 32 grunneigarar som har inngått fallrettsavtale. To grunneigarar er sterkt imot tiltaket, og har ikkje inngått avtale. Det blir søkt om ekspropriasjon av fallretten som desse to grunneigarane disponerer (om lag 1%).

Søknaden med konsekvensutgreiing vert handsama etter reglane i § 6 i vassdragsreguleringslova. Søknaden gjeld også løyve til nødvendige elektriske installasjonar etter energilova.

Gloppe kommune har i sin høyringsuttale ikkje teke stilling til søknaden slik den ligg føre, og har sett fram krav om tilleggsutgreiinger, m.a. grundigare vurdering av utbyggingsalternativ med kraftstasjon i området ved Seime bru, alternativ handtering av steinmassane frå tunneldriving, dokumentasjon på at Bremsvatnet som drikkevasskjelde ikkje vert forringa ved ei eventuell utbygging, at konsekvensane av ei utbygging for naturmangfald, naturopplevingar og naturbasert næringsliv må vurderast nærare og med større detaljeringsgrad og at Storelva sin funksjon som fiskeelv og recipient tilseier at det må utgreiast større minstevassføring enn det som er lagt til grunn i søknaden.

Fylkesmannen går i sin uttale imot at det vert gitt løyve til Breim kraftverk med dei opplysningsane som ligg føre ut frå negative verknader for naturmangfald og landskap og at elva kan komme i ein tilstandsklasse som ikkje oppfyller nasjonale mål for vasskvalitet og økologi.

Sogn og Fjordane Turlag går sterkt i mot den omsøkte utbyggingsløysinga. Ved å flytte utløpet frå kraftstasjonen til ovanfor Seime bru, vil konfliktnivået ved utbygginga bli kraftig redusert.

Fylkesrådmannen meiner at slik søknaden om kraftutbygging i Breimselva/Storelva ligg føre, vil ulempene for allmenne og private interesser bli større enn fordelane ved ei utbygging. Fylkesrådmannen legg her særleg vekt på dei landskapsmessige konsekvensane av redusert vassføring i nedre delen av elva og elveosen saman med konsekvensar for friluftsliv inkludert fiske. I saksutgreiinga er det peika på manglar ved materialet som følgjer søknaden, og som burde ha vore framlagt saman med det øvrige materialet. Sjølv om desse manglane vert supplert, meiner fylkesrådmannen at det likevel ikkje bør opnast opp for ei utbyggingsløysing med kraftverk i området sør for elveosen med sterkt redusert vassføring i nederste delen av elva og elveosen til følgje. Om det skulle bli lagt fram eit utbyggingsalternativ med tilhøyrande vurdering av konsekvensar for eit prosjekt der driftsvatnet vert slept ut i elva i området kring Seime bru, kan konklusjonen bli annleis.

## **2. VIKTIGE LOVER/REGLAR/PLANDOKUMENT**

### Lover/reglar/føresegner

- Plan- og bygningslova (melding, godkjenning av utgreiingsprogram, oppfylt utgreiingsplikt)
- Lov om vassdrag og grunnvatn av 24. november 2000 nr. 82 – Vannressursloven (løyve til å bygge inntakskonstruksjon, tilløpsrør, kraftstasjon, avløp frå kraftstasjonen)
- Lov om vassdragsreguleringer av 14. des. 1917 nr. 17, Vassdragsreguleringslova.
- Forureiningslova av 13. mars 1981 (gjennomføring av tiltaket)
- Energilova av 29. juni 1990, nr. 50 (løyve til bygging og drift av elektriske anlegg)
- Lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50
- Naturmangfaldslova
- Forskrift om rammer for vannforvaltningen (Vannforskriften) av 1.1.2007.

### Kommunal arealplan. Fylkesdelplan for arealbruk

Tiltaksområdet er stort sett avsett som LNF-område i arealdelen av kommuneplanen. Nederst ved elva er det område for fritidsbusetnad, friområde (idrettsanlegg) og område for allmennyttige

formål (samfunnshus). I fylkesatlas som m.a. viser tema fra Fylkesdelplan for arealbruk, er tiltaksområdet ikkje sett av til spesielle formål.

#### Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging

Fylkeskommunen har utarbeidd utkast til regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging. Planen låg ute på høyring i 2010. Eit revidert planframlegg låg føre i mars 2011 og vart lagt fram for politisk behandling. Behandlinga vart utsett i eit møte 23.03.2011 samtidig som det vart bedt om nærmare utdjuping av nokre spørsmål.

I det reviderte planutkastet (mars 2011) er med i ei liste over 31 fossar/stryk som er/har vore viktige landskapselement i delområdet Gloppe og Stryn. Breimselva er ikkje med i fosselista. I planutkastet er det definert og markert fjordlandskap i heile fylket. Breimsvatnet er markert som fjordlandskap saman med eit 10-tals andre store vatn. I planutkastet er det forslått retningslinjer for korleis arealinteresser skal handterast i høve til vasskraftutbygging. Det er ikkje knytt retningslinjer til fjordlandskap åleine.

I planutkastet er Breimsvatnet markert som Storaurevatn. Under tema "Fisk og fiske" er det i planutkastet foreslått slik retningslinje: Gyte – og oppvekstområde for innlandsfisk skal ha 3. priorititet. Om arealinteresser med 3. priorititet er det sagt dette i planutkastet:

Interesser av stor verdi. Føresetnader for positiv tilråding skal vere at søknadsmaterialet kan dokumentere at utforming av kraftverket, og avbøtande tiltak, i stort monn reduserer eventuelle konfliktar i høve til aktuelle arealinteresser.

#### Vassforskrifta


Tiltaket bør ikkje forringe den økologiske statusen i vassførekomsten til dårlegare enn god. Dersom tilstanden vert vurdert til dårlegare enn god, må vilkåra i § 12 i vassforskrifta følgjast opp.

#### Samla plan for vassdrag

Det er gitt fritak for handsaming i forhold til Samla plan for dette prosjektet.

### **3. DET PLANLAGDE TILTAKET.**

Storelva er ein del av Breimsvassdraget og ligg i hovedsak i Gloppe kommune. Mesteparten av vatnet til elva kjem frå dei to sideelvane, Stardalselva og Myklebusdalselva. Deler av nedbørfelta til desse elvane ligg oppe på Jostedalsbreen og Myklebustbreen. Vassdraget er prega av bretilsig med stor vassføring og massetransport (breslam) i sommarhalvåret. Heile utbyggingsstrekninga er omkransa av jordbruksareal og landbruksbusetnad. I og langs vassdraget er det tidlegare gjennomført ei rekke inngrep i form av m.a. kraftutbygging, elveforbygging, dyrking, vegar og bruver. I elva mellom Byrkjelo og Reed er det i dag ingen vasskraftprosjekt i drift. Det var tidligare eit kraftverk i drift ved Flølofossen, men dette vart avvikla rundt 1970.



Figuren viser utbyggingsalternativ A1/A2 med kraftverk ved Seimestranda i fjell/i dagen og alternativ B med kraftstasjon nedanfor Seime bru.

#### Hovuddata for tiltaket (kraftverket, alternativ A1)

<b>Data knytt til nedbørdfeltet</b>	
Nedbørdfelt (km <sup>2</sup> )	353,1
Middelvassføring ved inntaket (m <sup>3</sup> /s)	27,3
Alminneleg lågvassføring ved inntaket (m <sup>3</sup> /s)	2,58
Fem-persentil * sommar og vinter (m <sup>3</sup> /s)	11,9/2,1
<b>Kraftverksdata</b>	
Inntak på kote	125
Ayløp på kote (ved HRV/LRV for Breimsvatnet)	61,1/59,6
Brutto fallhøgd (m)	64
Slukeevne, maks. (m <sup>3</sup> /s)	60
Slukeevne, min. (m <sup>3</sup> /s)	2,0
Vassveg i tunnel, lengde (km)	4,1
Installert effekt, maks. (MW)	32
Brukstid (timer)	3060
<b>Minstevassføring</b>	
Foreslått minstevassføring ved inntaket, sommar/vinter (m <sup>3</sup> /sek)	6,0/1,0
<b>Produksjon og økonomi</b>	
Produksjon, årleg middel (GWh)	98
Utbyggingskostnad (mill.kr)	336
Utbyggingspris (kr/kWh)	3,42

\*Den vassføringa som blir underskriden 5% av tida.

Inntak for kraftverket er planlagt ved Høylo. Det skal byggast ein 70 meter brei og 1-1.5 meter høg lausmasse/natursteinsterskel i elveløpet knytt til ein 120 meter lang inntakskanal på sørsida av elva. Frå inntaksbassenget er det planlagt ein sprengt tunnel frå kote 113 og nedover med tverrsnitt 40-45 m<sup>2</sup> (7- 7.5 m) i diameter) ned til planlagt kraftstasjonen ved Seimestranda, om lag 1.3 km sør for elva sitt naturlege utløp. Her er det omtalt to alternativ, kraftstasjon i fjell (A1) eller i dagen (A2). Søkjaren prioriterer alternativet i fjell. Med kraftstasjon i fjell er det planlagt

utløp 10-15 meter under vassflata i Breimsvatnet. Med kraftstasjon i dagen er det planlagt ein kort utløpskanal til vatnet.

Tunnelen (4,1 km) skal drivast oppover frå den planlagde kraftstasjonen. Massane skal difor takast ut nederst ved Breimsvatnet. Alternaiv A1 vil gje ca. 350 000 m<sup>3</sup> steinmasse. Det er sagt i søknaden at ca. 30 % av steinmassen er aktuelt å bruke som fyllmasse ved utbetring av m.a. jordbruksareal og vegar. Resten, ca. 245 000 m<sup>3</sup> er tenkt deponert i Breimsvatnet like utanfor kraftstasjonsområdet..

Det er også vurdert eit alternativ B med kraftstasjon nedanfor Seimebrua. Dette alternativet er forkasta i utgreiingsprosessen og er ikkje omsøkt, på grunn av svært utfordrande grunnforhold, store terrengmessige inngrep nær busetnad og campingplass og ein utbyggingspris opp mot kr. 6 kr/kWh. I tillegg er det vurdert utbyggingsløysingar med nedgravd rørgate langs deler av elva (alt. C). Desse løysingane er heller ikkje aktuelle på grunn av høge kostnader og store terrenginngrep.

I utgreiingsprogrammet for prosjektet som er fastsett av NVE 14.07.2010, er dei to alternativa for inntak omtalt og vidare kraftstasjon ved Seime i dagen og i fjell. I tillegg er det m.a. sagt dette:

Det skal også utredes et tredje alternativ med plassering av kraftstasjon ved Storelva oppstrøms Seime bru og med tilbakeføring av driftsvann til elva, slik at vannføringen i nedre deler av elva til utløpet i Breimsvatnet bevares. I den sammenheng skal det også utredes fordeler og ulemper med å føre vannveien i nedgravd rørgate i forhold til i tunnel.

Eit alternativ med utløp i elva ovanfor Seime bru er ikkje utgreidd.

Nettilkopling er vurdert i fleire alternativ. Legging av ny 22 kV kabel frå kraftstasjonen til Reed transformatorstasjon (2,4-2,6 km) har 1. prioritet. Nest beste løysing er vurdert til å vere tilkopling med T-avgreining til eksisterande 132 kV linje Skei-Reed. I dette tilfellet må det byggast trafo for opptransformering til 132 kV i tilknyting til kraftstasjonen.

Hovudrigg for anleggsperioden er foreslått ved gardsvegen ned til inntaket (Høylo). Ein mindre rigg er foreslått ved kraftstasjonsområdet der fylkesvegen vil bli flytta ut på fylling og utbetra. Det skal byggast veg til ei svingesjakt knytt til driftstunnelen. Vidare skal det byggast veg frå fylkesvegen ved Høylo til inntaksområdet.

Som avbøtande tiltak m.a. i høve til landskap er det foreslått å sleppe ei minstevassføring på 1 m<sup>3</sup>/s om vinteren og 6 m<sup>3</sup>/s om sommeren frå inntaket. I tillegg til dette er det aktuelt å bygge tersklar i elva for å få til større samanhengande vassdekte areal. Dette tiltaket er mest aktuelt på strekninga frå Råd og nedover til utløpet i Breimsvatnet.

#### 4. KONSEKVENSAR AV TILTAKET. AVBØTANDE TILTAK

Klipp frå samandraget i konsesjonssøknaden.

For temaet **landskap** er det konkludert med at den foreslalte minstevannføringen og avrenning fra restfeltet ligger nær opp til naturlig lavvannføring i elva, og at dette vil sikre en del av de landskapsmessige kvalitetene knyttet til vassdraget. En tett kantsone av løvskog langs det meste av den aktuelle elvestrekningen vil også dempe den visuelle påvirkningen på landskapet rundt.

For temaet **kulturminner/kulturmiljø** er det konkludert med at utbyggingen i liten grad påvirker kjente automatisk fredete eller nyere tids kulturminner, eller kulturmiljøer, dersom utbygger påleggjer en minstevannføring på henholdsvis 6,0 m<sup>3</sup>/s (sommer) og 1,0 m<sup>3</sup>/s (vinter). De arealene som berøres av utbyggingen (massedeponi, adkomstveger, riggområder, etc.) har generelt lite potensial med tanke på funn av hittil ukjente kulturminner.

Når det gjelder **flora og fauna**, vil utbyggingen ikke berøre viktige naturtyper iht. DN-håndbok 13. Arealbeslag i forbindelse med bygging av inntak, kraftstasjon, adkomstveger og massedeponi berører i hovedsak trivuelle vegetasjonstyper og jordbruksareal. En mindre forekomst av en truet vegetasjonstype (elvemosevegetasjon), vil kunne bli berørt av redusert vannføring i driftsfasen. Vassdragstilknyttede arter av fugl, som fossekall, strandsnipe, stokkand m.fl. vil i liten grad bli berørt i sommerhalvåret dersom den føreslattede minste vannføringen gjennomføres. Storelva vil imidlertid kunne bli noe mindre egnet for overvintrende fugl pga færre åpne råker og mer langvarig islegging. Støy og forstyrrelser i anleggsfasen vil kunne påvirke enkelte arter, men influensområdet domineres av kulturlandskapsarter som allerede er tilpasset menneskelig aktivitet (det er ikke registrert sårbare arter av rovfugl i området). Ingen verneområder eller inngrepsfrie naturområder (INON) berøres.

De undersøkelsene som har blitt gjort på **fisk/ferskvannsbiologi** viser at Storelva har en tynn bestand av bekkeørret, og at gyte- og oppvekstforholdene er generelt dårlige. Dette skyldes i første rekke at vassdraget er sterkt brepåvirket og har dårlig sikt (høy turbiditet) i store deler av sommerhalvåret, at vannhastigheten er høy samt at substratet er svært grovt (lite gytegrus). I de to undersøkelsene som er gjennomført (desember 1999 og november 2008) ble det ikke påvist gytefisk på den aktuelle strekningen. Fisken i elva er sannsynligvis individer på beitevandring i perioder med god sikt. Så fort bresmeltingen og turbiditeten øker på (tidlig i juni), vil fisken få problemer med å finne næring og den vil da i stor grad trekke ned i Breimsvatnet igjen. En fraføring av store deler av vannføringen vil kunne bedre sikten elva noe (ved at restfeltet står for en større andel av vannføringen) og gi lavere vannhastighet, noe som vil kunne ha en viss positiv effekt på gyte-/oppvekstforholdene for fisk. Breimsvatnet er kjent for storørreten sin. De undersøkelsene som er gjort viser tydelig at storørreten i Breimsvatnet utelukkende gyter i utløpet av Breimsvatnet (strekningen Vassenden/Ryssdalsnes til Trysilfossen), og ikke i Storelva eller Paulselva (Før). Utbyggingen vil derfor ikke medføre negative konsekvenser for bestanden av storørret, men vil kunne påvirke fiskemulighetene ved utløpsosen (sjå omtale under friluftsliv, jakt og fiske).

Når det gjelder **landbruket** i området, så vil arealbeslagene i forbindelse med en eventuell utbygging i svært liten grad berøre viktige jord-, skog- eller beiteområder, og utbyggingen vil derfor ikke medføre negative konsekvenser for landbruket sitt ressursgrunnlag. Den viktigste konsekvensen for landbruket i området vil være at utbyggingen styrker næringsgrunnlaget i området og gir gårdbrukerne en vesentlig tilleggsinntekt. Dette vil på sikt være positivt for landbruket og bosetningen i dalføret.

For temaet **næringsliv, sysselsetting, tenestetilbud og kommunal økonomi** er det konkludert med at en utbygging i Storelva vil kunne gi lokale leveranser for ca. 21 mill. kroner i anleggsfasen, noe som tilsvarer 11-12 årsverk. Videre vil utbyggingen medføre inntekter både til Gloppe kommune (ca. 3,2 mill. kr i anleggsfasen og 1,6-1,7 mill. kr per år i driftsfasen, i første rekke gjennom eiendomsskatt), fylkeskommunen og staten. I tillegg vil utbyggingen gi grunneierne betydelige inntekter, noe som vil skape økt aktivitet og omsetning i området, samt økte skatteinntekter til kommunen. Det er noe usikkerhet knyttet til forventet effekt på reiselivet (primært fisketurisme og elvepadling), men totalt sett forventes utbyggingen å ha en positiv effekt for næringsliv, sysselsetting og kommunal økonomi.

Når det gjelder **friluftsliv, jakt og fiske** er det i første rekke mulighetene for elvepadling og fiske ved utløpsosen som påvirkes av en utbygging. Minstevannføringen er for lav til at elven normalt lar seg padle etter utbygging (her kreves det opp mot 20-25 m<sup>3</sup>/s på den aktuelle strekningen, noe som betyr at vannføringen i elva må opp i 80-85 m<sup>3</sup>/s), og den reduserte vannføringen vil føre til at fisket ved utløpsosen blir mer nedbørsavhengig (fisken trekker oppunder osen når vannføringen øker raskt, og dette vil etter utbygging primært skje i perioder med flom og overløp over dammen).

Tabellen under er klift frå samandraget i konsekvensutgreiinga om friluftsliv og reiseliv.

Oppsummerer man områdets verdi og utbyggingens omfang (alt. A1) for de ulike brukerinteressene, så får man følgende konsekvensgrad:

<b>Type aktivitet</b>	<b>Influensområdets verdi</b>	<b>Samlet konsekvensvurdering</b>	
		<b>Anleggsfasen</b>	<b>Driftsfasen</b>
Nærmiljøaktiviteter, spaserturer o.l.	Middels	Liten negativ (-)	Ubetydelig til liten negativ (0/-)
Jakt	Middels	Liten negativ (-)	Ubetydelig/ingen (0)
Fiske i Storelva	Liten til middels*	Ubetydelig/ingen (0)	Ubetydelig til liten positiv (0/+)
Fiske ved elveosen	Middels til stor	Ubetydelig/ingen (0)	Middels til stor negativ (---)
Elvepadling	Middels	Liten negativ (-)	Middels til stor negativ (---)
Reiseliv	Middels	Usikker, men sannsynligvis liten	Usikker, men sannsynligvis liten
<b>Samlet vurdering</b>		<b>Liten negativ (-)</b>	<b>Middels til stor negativ (---)</b>

\* Liten verdi ovenfor Flølefossen og middels verdi nedenfor.

#### Mulige avbøtende tiltak

##### Minstevannføring

Utbygger legger opp til at det slippes en minstevannføring på 6,0 m<sup>3</sup>/s i somtermånedene (1. mai - 30. september) og 1,0 m<sup>3</sup>/s i vintermånedene (1. oktober - 30. april). I tillegg vil restfeltet bidra med ca. 0,9-1,0 m<sup>3</sup>/s i somtermånedene og 0,3-0,4 m<sup>3</sup>/s i vintermånedene. Ned mot utlopet i Breimsvatnet vil vannføringen i snitt være på 6,9-7,0 m<sup>3</sup>/s i somtermånedene og 1,3-1,4 m<sup>3</sup>/s i vintermånedene. Minstevannføring vurderes som et svært viktig avbøtende tiltak, spesielt i sommerhalvåret, og den foreslalte minstevannføringen og avrenning fra restfeltet vil bidra til at deler av vassdragets landskapsmessige og biologiske kvaliteter opprettholdes.

##### Terskler

I tillegg til den foreslalte minstevannføringen legger Breim Kraft AS opp til at det bygges terskler på de nederste 700-800 m (strekningen som er synlig fra Seimebrua).

Kombinasjonen av minstevannføring og terskler vil bidra til at mye av dagens vannspeil opprettholdes selv ved lave vintervannføringer.

##### Terrengtilpasning og landskapspleie

Veger vil bli utformet slik at man i størst mulig grad unngår fyllinger og skjæringer. Sprengstein fra tunnelen brukes i størst mulig grad til utbedring av veier, heving av forsumpet jordbruksareal og andre lokale formål. Overskuddsmasser deponeres under vann med bruk av lenser for å begrense spredning av slam under deponeringen. Områder som berøres av jordkabelen må i størst mulig grad tilbakeføres til naturlig tilstand. Det øverste jordsmonnet bør tas vare på og lagres inntil tilbakeføring for revegetering. Naturlig revegetering av områder påvirket i anleggsfasen vil redusere arealtap og bidra til å ivareta estetikken i natur- og kulturlandskapet.

## 5. HØYRINGSUTTALAR FRÅ ANDRE

### Gloppen kommune, kommunestyret, møte 14.11. 2011, sak 51/11

Gloppen kommunestyre er positive til utnytting av kraftressursane i Storelva i Breimsvassdraget. Planane oversende frå NVE viser eit anlegg med ein middelproduksjon på 98 GWh. Planlagd installert effekt er 32 MW. Eit slikt anlegg vert det største kraftverket i Gloppen, og utbygginga vil styrke inntektsgrunnlaget for mange gardsbruk. Samstundes vil kommunestyret peike på verdiane som ligg i vassdraget i dag. Det er difor ekstra viktig at alle sider ved planane vert grundig utgreia i samband med søknad om konsesjon.

Kommunestyret ynskjer å få følgjande nye utgreiingar før ein tar endeleg avgjerd om tilråding til konsesjonssøknaden.

1. Utgreiing av alternativ med plassering av stasjon og utløp ovanfor eller nær Seime bru, på nord- eller sørssida av elva. Dette er utbyggjar også pålagt i utredningsprogrammet. Eit slikt alternativ vil verne om viktige kvalitetar ved elveosen i Storelva
2. Alternativt må det dokumenterast på fagleg forsvarleg grunnlag at grunnforholda på elvestrekninga er slik at omsøkt alternativ er det einaste mogelege
3. M.a. på grunn av Storelva sin funksjon som fiskeelv og recipient må det utgriast større minstevassføring enn ved det omsøkte alternativet
4. Konsekvensane av ei utbygginga for naturmangfald, naturopplevingar og naturbasert næringsliv må vurderast nærrare og med større detaljeringsgrad enn i motteken søknad
5. Det må dokumenterast og visualiserast korleis masseoverskotet kan nyttast utan dumping i Breimsvatnet. Massedeponi der steinen vil vere tilgjengeleg for samfunnsganglege formål, bør utgriast. Plan for transport av tunnelmasse må leggast fram
6. Breimsvatnet er drikkevasskjelde for Reed-området. Dokumentasjon på at kvaliteten på drikkevatnet ikkje vert forringa i samband med utbygging, må leggast fram

#### Sogn og Fjordane Turlag, klipp frå brev til NVE av 23.05.2011 og 15.09.2011.

Slik vi ser det, legg den konsesjonssøkte utbyggingsløysinga heilt einsidig opp til å tene interessene til utbyggjarane, medan interessene til nokre av naboane, næringsinteresser knytte til reiseliv, særleg campingplassen ved utløpsosen, og dei store ålmenne interessene knytte til landskap, friluftsliv med elvepadling og – klårt viktigast – fiske, i stor grad vert fullstendig negligerde. Det heile er etter vårt syn fullstendig uakseptabelt. Og direkte oppsiktsvekkande blir det når utbyggjarane har valt å sjå bort frå både NVE, Gloppen kommune, Fylkesmannen, ei rekke andre høyningsinstansar sine krav, og Breim Kraft AS sine eigne lovnader, om å utgribe eit alternativ med plassering av kraftstasjonen oppstrøms Seime bru! Dette vitnar om liten respekt for både NVE, Gloppen kommune, naboar og dei mange andre som har store interesser knytte til den nedste delen av elva og utløpsosen.

Ved å flytte utløpet frå kraftstasjonen til eit stykke ovanfor Seime bru, vil konfliktnivået i samband med utbygginga bli kraftig redusert. Utbygginga vil slett ikkje bli konfliktfri då heller, men slik vi ser det no, ut frå den informasjonen vi har, vil konfliktnivået kome ned på det som for mange vil vere eit akseptabelt nivå. Med det som no er konsesjonssøkt, vil konfliktnivået verte heilt uakseptabelt høgt for mange. Vi vil så sterkt vi kan oppmode NVE om å bidra til at ei utbyggingsløysing med akseptabelt konfliktnivå blir utgriidd. Det trur vi vil vere det beste for alle partar, også utbyggjarane. Med den konsesjonssøknaden som ligg føre no, vil vi like sterkt oppmode NVE om å avslå søknaden!

#### Fylkesmannen sin høyningsuttale av 01.09. 2011

##### **Landskap og friluftsliv**

Når det gjeld landskap og friluftsliv er det særleg dei nedre delane av Storelva, og elvedeltaet som Storelva dannar ved utløpet i Breimsvatnet, som peikar seg ut som særleg verdifullt for friluftsliv og rekreasjon. Dette er eit viktig område for bading, båtfart, fiske frå land og båt og som nærturområde. Føreslegne minstevassføring er ved planlagt inntak berre om lag halvparten av 5 persentilen sommar og vinter, og alminneleg lågvassføring er 2,5 gonger så stor som føreslegne minstevassføring om vinteren. Fjerning av mesteparten av vatnet vil redusere dynamikken og forringe mektigheita og opplevingsverdien av deltaet. Figur 24 i konsesjonssøknaden viser at det vil bli svært store endringar i vassføringa, med lite overlop eit middels år. Overlop om sommaren vil i hovudsak vere eit par veker tidleg i juni. Fylkesmannen er ikkje samd i at restvassføringa (minstevassføring og tilsig frå restfelt) vil ligge "nært opp til naturlig lavvannsføring i elva" som det blir hevd i søknaden. Tersklar som skal fungere både hydraulisk og biologisk vil ofte vere god synlege som kunstige inngrep i elvestrengen. Det er også knytt landskapsverdiar til kvartærgeologien i området. Dette er nærrare omtala lenger framme i dette dokumentet.

##### **Miljøfagleg oppsummering**

Utgriingane er etter vår vurdering for därlege på fleire punkt. Dette gjeld m.a. registrering av fuglar i influensområdet ved Seimestrandan, økologisk status til elva per i dag og etter ev. utbygging, verknader for storauren og bruk av tunnelmassar. Fylkesmannen viser til at krava i

naturmangfaldlova ikkje er oppfylt, jf. §§ 8-12. Det bør utgreiast fleire alternativ med avløp frå kraftstasjon oppstraums Seime bru, jf. krav til utgreiingsprogram og rådmannen i Gloppen kommune sin tilråding per august 2011.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, brev til NVE 01.09. 2011, avsnitt: konklusjon:

Fylkesmannen vurderer at det ut i frå negative verknader for naturmangfald og landskap, og dei opplysningane som ligg føre, ikkje bør gjevast løyve til det omsøkte Breim kraftverk. Det må utgreiast alternativ der vatn frå kraftstasjon vert ført ut i elva oppstraums Seime bru, og som ikkje inneber anleggsaktivitet og utfylling ved Seimestranda. Storelva kan, med planlagde vassuttak, komme i ein tilstandsklasse som ikkje oppfyller nasjonale mål for vasskvalitet og økologi. Mangelfulle undersøkingar må supplerast slik at ein konsesjonssøknad kan vurderast på eit godt nok grunnlag.

## **6. FYLKESRÅDMANNEN SI VURDERING AV FORDELER OG ULEMPER, EVT. NYE FORSLAG TIL AVBØTANDE TILTAK**

Fordelane ved tiltaket er først og fremst av økonomisk karakter og knytt til energiproduksjon på ca. 98 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt/regionalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Aktuelle ulempar vil vere knytt til skade og inngrep for landskap, friluftsliv, fisk/fiske og kulturlandskap i samband med byggetiltak som inntaksdam, tersklar i elva, veg til inntak, tunnelpåhogg til kraftstasjonen, veg til svingesjakt, ev. utløpskanal frå kraftstasjonen, massedeponi og/eller dumping i Breimsvatnet, legging av jordkabel og redusert og mindre variert vassføring i Storelva mellom inntaket og utløpet i Breimsvatnet.

Fylkesrådmannen gjer sine vurderingar ut frå det samla materialet som ligg føre i saka. Fylkeskommunen sine primære ansvarsområde i slike saker er kulturminne, landskap, friluftsliv, vassdirektivet og innlandsfisk, men det vert også gjort vurderingar i høve til kva verknad tiltaket har som bidrag til lokalt/regionalt næringsgrunnlag og skatteinntekter til det offentlege.

### Automatisk freda kulturminne

Tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf §§ 9 og 10 i Lov om kulturminne, ikkje gjennomført. Det er såleis ikkje klart i kva grad kulturminne blir direkte eller indirekte råka av tiltaka i søknaden. Registreringa må gjerast på sno- og telefri mark og tiltakshavar er ansvarleg for å ta skriftleg kontakt med Kulturavdelinga i fylkeskommunen i god tid før registreringa skal gjennomførast. Det må bereknast tilstrekkeleg tid til å følge opp arbeid, eventuelt etterfølgjande utgraving før utbyggingstiltak i området kan i verksetjast.

Riksantikvaren har uttalt seg til saka i brev til NVE av 23. september 2011 (vedlagt). Riksantikvaren understrekar at redusert vassføring kan ha verknad på kulturmiljøet i Breimsdalen. Det er særleg viktig å ta omsyn til dei automatisk freda kulturminna. Sjølv om vegetasjon i dag utgjer ein barriere mellom kulturminna og elva, kan eit slikt vegetasjonsbelte skifte over tid, og i periodar gjere kulturminna meir eksponert for ei elv med sterkt redusert vassføring.

### Marine kulturminne

Bergens Sjøfartsmuseum har forvaltningsansvar for marine kulturminne i Sogn og Fjordane. Museet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. På grunn av Breimsvatnet si lange historie som ferdslære, er det generelt eit potensiale for kulturminne under vatn i området, til dømes restar av båtar, skip og lausfunn.

Det er omtalt eit mogleg massedeponi i Breimsvatnet, men dette er ikkje kartfesta. Museet oppmodar tiltakshavar, om å sende til museet den konkrete planen for dette arealinngrepet. Fylling i sjø skal føreleggast den som har kulturminnemynde, jamfør Lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne, §§ 9 og 14.

Søknaden viser avgrensa tiltak i sjø og elv i samband med kraftstasjon og røyr. Museet har difor ingen merknader til desse delane av planen.

### Kulturminne frå nyare tid

Storelva i Breim, er eit godt synleg og viktig element i eit aktivt og godt skjøtta kulturlandskap. Elvar, fossar og stryk utgjer her ein vesentleg del av det heilskaplege landskapsbiletet, både for tilreisande og fastbuande. Storelva er godt synleg i store deler av det slakke dalføret, frå utløpet i Breimsvatnet til Byrkjelo. Med redusert vassføring i elva, vil det planlagde tiltaket føre til eit stort inngrep i landskapsbiletet, og i sterk grad kunne påverke dei opplevingsverdiane som er knytt til kulturlandskapet slik vi ser det i dag. Landskapet rundt elveosen er her i ei serstilling. Dei store elveavsetningane rundt osen, må vurderast som eit spesielt sårbart landskap i forhold til reduksjon i vassføringa. Tiførselsvegen fram til den planlagde kraftstasjon i fjell, alternativ A, går i eit svært bratt kulturlandskap i Seimestranda. Med skjeringar og nødvendig vegfylling, vil denne vegen ligge eksponert til og lett synleg frå Breimsvatnet. Dele av det gamle kulturlandskapet vil med ei slik vegframføring truleg få ubøteleg skade.

I fall det blir gjeve konsesjon, må det leggast vekt på avbøtande tiltak i forhold til nyare tids kulturminne og til kulturlandskapet. Det må gjerast justeringar for å unngå å komme i kontakt med nyare tids kulturminne (steingard og utløer mv). Minstevassføringa må aukast for å redusere negativ påverknad på kulturlandskapet og vassdragsrelaterte kulturminne frå nyare tid. Det må byggast tersklar som i kombinasjon med auka minstevassføring gjer at dagens vass-spegel kan oppretthaldast sjølv ved lågare vassføring. Dersom viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, vert direkte eller indirekte råka av planlagde tiltak, må tiltaka justerast på ein slik måte at kulturminne og viktige kulturlandskapselement kan takast vare på.

Ved plassering av overskotsmasse, må det leggjast spesiell vekt på å finne gode tilpassingar til kulturlandskapet rundt deponia. Det må og takast spesielle omsyn til eventuelle kulturminne på staden. Gamle ræser og vegar er også kulturminne og viktige element i landskapet. Det må heller ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som geiler, vegar, steingardar, bakkereiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området.

### Landskap, friluftsliv, fiskeinteresser.

Fylkesrådmannen sluttar seg til Fylkesmannen sine vurderingar om at området som vil bli påverka er eit viktig område til å bade, båtfart, fiske og som nærturområde. I tillegg legg fylkesrådmannen vekt på NIVA sin rapport av 05.09. 2011 som konkluderer med at det skjer ein betydeleg fiskeproduksjon i elva, og at det ikkje er utenkjøleg at storauken i Breimsvatnet nyttar ho som gyteplass. I søknaden er det lagt til grunn at storauken har sine gyteplassar i utløpet mot Gloppeelva og ikkje i Storelva, og at den planlagde utbygginga difor ikkje vil ha negative konsekvensar for bestanden av storauken. Her må det gjerast grundigare undersøkingar for å kunne avklare om storauken nyttar elva til å gyte eller ikkje, og eventuelt kva verknader utbygginga vil ha for storauken til å gyte. Fylkesrådmannen meiner datagrunnlaget ikkje er tilstrekkeleg for å kunne konkludere med kva for påverknad tiltaket vil ha på fisk og anna

biologisk mangfald i Breimsvatnet og i Storelva. Vassforskrifta si § 12 krev at slik vurdering vert gjort før tiltak kan setjast i verk. Fylkesrådmannen legg difor størst vekt på den negative effekten tiltaket vil få i eit viktig friområde nær der folk bur.

### Samla vurdering

Gloppen kommune har i sin høyringsuttale ikkje teke stilling til søknaden slik den ligg føre, og har sett fram krav om tilleggsutgreiingar. Dette kan bety at når dei etterspurde utgreiingane ligg føre, kan det frå søkjaren si side også vere aktuelt å legge fram justerte/alternative løysingar for kraftutbygging i Breimselva. Om det skulle bli aktuelt med ein søknad basert på kraftstasjon ved Seime bru, så vil dette vere eit prosjekt med svært ulike konsekvensar for elveosen og elva nedstrøms kraftverket. Søknadsmaterialet slik det ligg føre, gir ikkje grunnlag for å ta stilling til dette no.

Gloppen kommune ønskjer å få utgreidd alternativ handtering av steinmassane frå tunneldrivinga og peikar på at Breimsvatnet som drikkevasskjelde ikkje verte forringa ved ei eventuell utbygging. Fylkesrådmannen meiner dette er krav som må oppfyllast. I søknaden er det som kjent sagt at om lag 30 % av i alt 350000 m<sup>3</sup> steinmasse er aktuelt å bruke til opprusting av vegrar og til landbruks- formål, medan resten av massane på om lag 250000 m<sup>3</sup> er tenkt dumpa i vatnet i området ved kraftstasjonen.

Kommunen peikar og på at konsekvensane av ei utbygging for naturmangfald, naturopplevelingar og naturbasert næringsliv må verte vurdert nærrare og med større detaljeringsgrad enn i søknaden som ligg føre. Fylkesrådmannen er samd i dette og viser til materialet som er framlagt av grupperinga "Nei til kraftverk på Seime" der det er omtalt manglar ved det materialet som ligg føre (mellan anna Storelva som opplevingskvalitet og fritidsfiske som aktivitet). Sitat frå avsnitt 5.3.4 i rapport frå Aurland Naturverkstad, 09.09. 2011:

Skildringa bør ha ein mindre skala og ha fokus på samanhengen mellom Storelva og bruken av området til friluftsliv og rekreasjon. Då kan ein betre få fram verknaden inngrepa kan ha på friluftsliv i området. Det er vidare trøng for ei betre kopling av innhaldet og vurderingane i fagrapporten for landskap med fagrapporten for friluftsliv og reiseliv.

Kommunen peikar på at Storelva sin funksjon som fiskeelv og resipient tilseier at det må utgriast større minstevassføring enn ved det som er lagt til grunn i søknaden. Fylkesrådmannen er samd i dette og vil i tillegg peike på dei landskapsmessige konsekvensane av redusert vassføring i elva, spesielt om sommaren. Jf. sitat frå ein av rapportane som følgjer søknaden:

Konsekvensutredning for Breim kraftverk, Landskap, side 20:

I tillegg til fysiske inngrep i forbindelse med inntaket vil tiltaket innebære en kraftig reduksjon i vannføringen i Storelva fra inntaket ved Høylo til utløpet i Breimsvatnet. Elvas variasjon med hensyn til intensitet vil i stor grad forsvinne. Endringene vil gjøre seg mest gjeldende i områder der elva i dag renner i stryk. Selve elveløpet vil få en minstevannføring sommerstid som vil være 10 – 15 % av dagens sommer middelvannføring, og tilsvarende mellom 5 og 10 % vinterstid. I perioder med flom og høg restvannføring i elven vil vannføringen være større.

Fylkesmannen går i sin uttale imot at det vert gitt løyve til Breim kraftverk med dei opplysningsane som ligg føre, ut frå negative verknader for naturmangfald og landskap, og at elva kan komme i ein tilstandsklasse som ikkje oppfyller nasjonale mål for vasskvalitet og økologi. Fylkesmannen peikar på ei alternativ løysing der vatn frå kraftstasjon vert ført ut i elva oppstraums Seime bru. Fylkesrådmannen støttar desse vurderingane. Når det gjeld problemstillingar knytt til vasskvalitet, viser fylkesrådmannen i tillegg til det Aurland Naturverkstad m.a. har sagt i sin rapport:

Storelva er hovudtilførla av vatn til Breimsvatnet. Ho fører med seg mykje sediment, då ho er ei breelv. Å flytte tilførla av store mengder (bre)elvezvatn frå elveosen til ein annan utsleppstad, der det er mykje djupare enn utanfor ein elveos vil endre dei økologiske tilhøva ikkje berre i elveosen. Det kan påverke straumar og det tilfører både sediment og næringsemnar på ein ny plass med heilt andre botntilhøve, djupne og straumtilhøve.

Sogn og Fjordane Turlag går i sin uttale sterkt i mot søknaden slik den ligg føre, men er ikke avvisande til eit prosjekt basert på kraftverk lengre opp i elva. Turlaget viser mellom anna til at næringsinteresser knytt til reiseliv, særleg campingplassen ved utløpsosen, store allmenne interesser knytte til landskap, friluftsliv med elvepadling og fiske, i stor grad er neglisjert. Fylkesrådmannen er samd i at det i søknaden ikkje er gjort grundige nok vurderingar av konsekvensane som tiltaket kan få for desse interessene. Fylkesrådmannen vil særleg peika på at det må gjerast grundigare undersøkingar for å kunne avklare om storauren nyttar elva som gyteplass eller ikkje, og eventuelt kva verknader utbygginga vil ha for storauren.

## **7. KONKLUSJON/TILRÅDING**

Fylkesrådmannen meiner at ulempene for allmenne og private interesser blir større enn fordelane ved ei kraftutbygging i Breimselva/Storelva. Fylkesrådmannen legg her særleg vekt på dei landskapsmessige konsekvensane av redusert vassføring i nedre delen av elva og elveosen saman med konsekvensane for friluftsliv og fiske. Fylkesrådmannen meiner det er manglar i materialet som følgjer søknaden, både for å konkludere om dei miljømessige sidene og koplingane til friluftsliv og reiseliv. Sjølv om manglane vert supplert, meiner fylkesrådmannen likevel at det ikkje bør opnast opp for ei utbyggingsløysing med kraftverk i området sør for elveosen, med sterkt redusert vassføring i nedste delen av elva og elveosen. Om det skulle bli lagt fram eit utbyggingsalternativ med tilhøyrande vurdering av konsekvensar for eit prosjekt der driftsvatnet vert slept ut i elva i området kring Seime bru, kan konklusjonen bli annleis.